

Opplæring og helse

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
Studieveiledingstenesta og rådgjevingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkjørd studieveiledingsteneste, anonym rådgjevarevaluering, og/eller ein rådgjevingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieval.	UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengeleghet, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 70% stilling. UFU skal og fremja eit forslag om dette i budsjettet for 2017.			
Tilbakemelding og evaluering frå elevar i den vidaregåande skulen bør prioriterast.	UFU skal ved trong ta kontakt med politikarar for å ta sakene vidare i Opplæring- og helseutvalet.			
Det skal ikkje leggjast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går utover det eit grunnstipend dekkjer.	UFU skal ta saka vidare til politikarane dersom det er aktuelt. UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular. UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.			
Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.	UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregående opplæring, med særskilt fokus på at distriktskulane skal bestå.			
Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.	UFU bør arbeide for å sikre at elevane som går på skular som baserer seg på nettbaserte bøker og læringsplattformer får tilbod om lærebøker i alle fag. UFU skal arbeide for at tilbodet om innføringsklassar i den vidaregåande skulen skal dekke behovet. UFU skal arbeide for at tilbod som Hyssingen Produksjonsskule skal bli meir synleg.			
Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovleg grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin	UFU skal arbeide for at alle elevar og lærarar ved dei vidaregåande skulane i fylket skal vere opplyst om, og følgje, gjeldande fråværsreglement vedtatt av fylket, samt at praktiseringa av reglementet skal vere lik for alle. UFU skal arbeide for å auka fråværsgrensa for ugyldig fråvær i vidaregåande skule.			

kvardag.	UFU ynskjer å auka grensa på politisk fråvær.		
Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.	<p>UFU skal arbeide for at bruk av tannhelsetenestene ikkje skal medføre store ulemper for ungdom i fylket, slik som til dømes lang reisetid og høge prisar.</p> <p>UFU skal arbeide for at endringar i klinikksstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.</p> <p>UFU skal arbeide for å utvide gratis tannhelseteneste ut året ein fyller 20 år, og utvide rabattordninga til fylte 25 år.</p>		
Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.	<p>UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide for meir berekraftig og sunnare mat i kantinene ved vidaregåande skuler i Hordaland.</p> <p>UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kjem på rullering.</p> <p>UFU skal arbeide for meir frukt og vegetarmat i den vidaregåande skulen.</p>		
God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.	<p>UFU skal aktivt arbeide for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga, skolepsykologar, og miljøterapeutar. Det skal vere ein helsearbeidar tilgjengelig på skulen kvar dag.</p> <p>UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skolepsykologar og miljøterapeut skal øyremerkast til førebyggande tiltak.</p> <p>UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlege samtalar/presentasjoner for elevar der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eigen helse.</p> <p>UFU skal arbeide for at det skal opplystast om den psykiske helsa til lhbt-ungdom, og ha eit fokus på å fremje god psykisk helse blant denne gruppa.</p>		
Det bør leggjast betre til rette for alternativ undervisning i dei vidaregåande skulane i fylket.	<p>UFU bør arbeide for at Hordaland fylkeskommune skal oppmøde til bruka av omvendt undervisning eller anna alternativ undervisning i vidaregåande skular.</p> <p>UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregaande skule.</p>		
Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.	<p>UFU skal arbeide for meir seksualundervisning i den vidaregåande skule.</p> <p>UFU skal arbeide for ein meir omfattande seksualundervisning, der ein har fokus på inkludering, kunnskap, betre helse og ulike legningar.</p>		
Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.	<p>UFU skal arbeide for ein prøveordning på vidaregåande skular, der elevar kan vere leksehjelp for unge asylsøkjrar og flyktningar.</p> <p>UFU skal arbeide for at det opprettast friviljuge fadder-ordningar for flyktningar i vidaregåande skule.</p> <p>UFU skal arbeide for hyppigare norskurs for minoritetsspraklege vidaregaande skule elevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga.</p>		

Det skal oppretta fleire og betre lærlingplassar i Hordaland.	UFU skal arbeide for at når fylkeskommunen legger oppdrag ut på anbod, så skal ein prioritere bedrifter som har lærlingar.		
UFU skal arbeide for fritt skuleval.	UFU skal drive aktiv lobbyverksemd ovanfor politikarene.		

Kultur, idrett og regional utvikling

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.	<p>UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.</p> <p>UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.</p> <p>UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar og mobbeombodet i Hordaland.</p> <p>UFU skal aktivt arbeide for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skular i Hordaland gjennom mellom anna dialog med Raude Krossen.</p> <p>UFU skal arbeide for å få foredrag mot rusmisbruk av tidlegare rusmisbrukarar tilpassa vidaregåande elevar.</p>			
Kulturtilbodet til ungdom skal halde fram og forbetraast.	<p>UFU skal arbeide for at kulturavdelinga opprette ein kultur-app for ungdom.</p> <p>UFU skal arbeide for at det blir fleire kulturtilbod i den vidaregåande skulen.</p> <p>UFU skal samarbeide med fylkeskommunen om å utvide opningstider på museum i Hordaland.</p> <p>UFU skal arbeide for at Hordaland fylkeskommune skal gje ungdom i Hordaland billigare tilbod på aktivitetar og rabattar på til dømes offentlege symjehallar og store idrettsarrangement.</p>			
Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.	<p>UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvenlege bibliotek. Døme på eit slik tiltak er U-ROM på Bergen Offentlige bibliotek.</p> <p>UFU bør arbeide for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skullearbeid.</p> <p>UFU skal arbeide for å utvide opningstider på fylkesbibliotek tilpassa ungdom.</p>			
Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal gjøre det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.			

idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.	UFU skal arbeide for å oppretthalde posten i budsjettet til dette.			
Arrangement tilpassa ungdom skal framhevas og forbetrast.	UFU skal oppretthalda samarbeidet med UKM.			

Miljø og samferdsel

Mål	Tiltak	Ferdig		
		Vert	ikke gjort	Frist
Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjøre kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.	UFT meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskryss for vaksne per månad.			
	UFU skal arbeide for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.			
	UFU skal arbeide for likestilling av honnør og studentrabatt på all kollektivtransport i fylket			
	UFU skal arbeide for gratis internett på kollektivtransport i fylket.			
	UFU skal arbeide for at det skal utformast éin ny Skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.			
	UFU skal arbeide for at ungdomskortet til Skyss også skal gjelde under busstider med nattakst.			
	UFU skal arbeide for å fjerne nattaksten i Hordaland.			
Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angåande korleis avgangar er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.			
	UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket.			
	UFU skal arbeide for at nattbuss tilbodet i fylket skal både betrast og opprethaldas, særskilt i distrikta.			
Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angåande trafikksikring for ungdom.			
	UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.			
	UFU skal arbeide for at trafikksikring på E16 skal prioriterast.			

Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.	UFU skal arbeide med å gjøre vegen sikrare på strekninga Eidfjord-Bu.		
	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.		
	UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.		
	UFU skal arbeide for meir miljøvenlege fylkeskommunale bygg, med særleg fokus på vidaregåande skular		
	UFU skal arbeide for kjøttfri-måndag ved alle fylkeskommunale bygg i Hordaland		
	UFU skal arbeide for fleire elbil-ladestasjonar ved fylkeskommunale bygg		
	UFU skal vere aktiv pådrivar for avfallsortering på fylkeskommunale bygg, særskilt vidaregåande skular.		
	UFU skal bidra og arbeide for papirreduksjon i fylkeskommunen		
	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for biodiesel på bussar i fylkeskommunen		
	UFU skal samarbeide med miljøorganisasjonar som Natur og Ungdom, Changemaker og Framtiden i våre hender.		
	miljøfyrtårn.		
	UFU går imot store naturinngrep som følger av næringsverksemd i Hordaland.		
	UFU skal arbeide for tog mellom Bergen og Stavanger.		

Eigen organisasjon

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.	UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.			
	UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring- og helse og utval for miljø og samferdsel.			
	UFU skal førebu seg til alle møta og halde seg oppdatert om kva som er aktuelt for ungdom.			
	UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si mening.			
Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens	UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.			
	UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommunestyre.			

<p>kommunestyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.</p>	<p>UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita. UFU skal oppmøde kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlege arrangement som UFT og nettverksamling.</p>			
<p>Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre.</p>	<p>UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker. UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana. UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd.</p>			
<p>Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.</p>	<p>UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.</p>			
<p>Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.</p>	<p>UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon. UFU skal leggje ut minimum fire sakar i månaden på Facebook eller Instagram . UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, fylkeshuset, kulturmönstringa, osv. UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av 2016. UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK. UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2016. UFU skal i særskilte tilfelle ha mandat til å publisere saker som UFT ikkje har presisert dersom dei er partipolitisk nøytrale.</p>			
<p>Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særsviktig.</p>	<p>UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU. UFU kan arrangere ein dialogdag for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der dei presenterer seg for råda og forklarer kva UFU arbeider med. UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.</p>			